

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Perdy Hesjevoll
Arkivsaksnr.: 21/612-2

Arkiv: 076

Tilskot til kulturføremål - kulturstipend for ungdom 2021

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune vedtek å innvilge kulturstipend til
Andreas Kalstad, på **kr 3 000** for 2021.

Stipendet vert finansiert over budsjettpost 14727 108 38504

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Reglement for tilskot til kulturføremål 2019 - 2022

Uprenta vedlegg: Søknad

Samandrag:

Det er komme inn ein søknad om kulturstipend i 2021.

Denne ordninga er heimla i Reglement for tilskot til kulturføremål, kp. 07, pkt. F.

Utval som har vedtaksmynde:

Plan og forvaltningsutvalet.

Fakta:

Budsjettramme kr 21 000. Kulturpris kr 15 000 og stipend kr 6 000. Føremålet med kulturstipend er å støtte ungdom som på ein framifrå måte vil kunne marknadsføre Luster kommune nasjonalt innanfor idrett og/eller andre kulturytingar. Reglement opnar for at tilskotet/ stipendet kan inngåast for maksimum tre år, og med eit maksimalt tilskot på kr 30 000.

Andreas Kalstad er frå Luster kommune og satser tungt på ein idrettskarriere som fotballspelar og har tidleg vist seg som eit talent.

I 2020 vart han teken ut til den nasjonale talentleiren for dei antekne beste i landet i sitt årskull i Sarpsborg.

Han søker om stipend som kan dekke utgifter til treningsklede, fotballsko, reiser og opphald i samband med si satsing på idretten.

Vurdering:

Stipend kan delast ut til personar som vil utvikle seg til å gjera ein enno betre innsats innanfor eit kulturelt felt eller aktivitetsområde.

Rådmannen tilrår at søknaden frå Andreas Kalstad blir innvilga med eit stipend på kr 3 000.

Dato: 23.03.21

Jarle Skartun
rådmann

Erling Bjørnetun
kultursjef

Særutskrift skal sendast: søkjar